

Statnett SF
firmapost@statnett.no

Dato: 30.08.2021
Vår referanse: OK-S777
Dokumentansvarleg: Bjørgum, Torstein
Dykkar referanse: 21/00556

Høyringsinnspel revidert nettavtale

Otra Kraft DA har delteke på webinar om temaet revidert nettavtale, samt prøvt å setje oss inn i høyringsnotata som er lagt ut på nettet. Me har i tillegg hatt ein god samtale med Christopher Ruud i Statnett.

Me deler i høgste grad ynskje Statnett har om å utnytte nettet best mogleg og at for å få dette til må det på plass eit godt samarbeid både mellom netteigar og nettkunde, samt også delvis mellom ulike nettkundar. Me deler også synet at dei stega som er presentert vil vere steg på denne vegen. Otra Kraft ynskjer likevel å peike på nokre forhold i den føreslegne avtalen som har uheldige verknadar etter vårt syn.

Otra Kraft DA er i dag kunde hjå Statnett. Vårt grensesnitt mot Statnett har me både i tilknytning til Brokke kraftstasjon og Holen kraftstasjon. I bådessa punkta har me tilknytning til sentralnettet, men regional nettaktør (Agder Energi Nett) er også tilknytt sentralnettet via våre anleggsdelar i desse to tilknytingspunkta. Når det gjeld den nye reviderte nettavtalen ynskjer me å understreke at me ikkje ynskjer ein ny nettavtale som implisitt gjer det umogleg for oss å vere direkte kunde av Statnett. Forhold knytt til kapasitet er eit slikt forhold me ser føre oss at kan vere vanskeleg å handtere i og med at me er einaste kunde av Statnett i desse tilknytingspunkta, medan me sjølve berre har høve til å regulere/styre produksjon av vår eigen innmating. Me ser det som problematisk å handtere kapasiteten knytt til nettuttaket i tilknytingspunktet. For oss ser det ut som at ein i arbeidet med revidert nettavtale berre har sett på forhold der det er knytt til nettselskap i ulike konstellasjonar, samt industrikundar til transmisjonsnettet. For vår del representerer me produsent, men me har også knytning mot regionalnettet i vårt utvekslingspunkt. Me ynskjer at dette skal vere mogleg også for ettertida. Me ser føre oss at dette kan handterast gjennom at Statnett har nettavtale både med oss som produsent og regionalnettseigar som er tilkopla og at desse avtalen vert handtert kvar for seg. Om dette også ville gjere det mogleg at faktura for produksjon og nettilknytning kunne splittast mellom produsent og netteigar ville det vere ein fordel for oss. Me ser at behovet for auka/endra kapasitet vert handtert gjennom KSU arbeidet, men det er kanskje ikkje ein tilstrekkeleg operativ prosess.

Me er knytt til nettet som nemnt både i Brokke og Holen. På bådessa stadane er også regionalnettet knytt til transmisjonsnettet. Under somme forhold vil vårt utstyr ikkje vere tilkopla nettet. Me ynskjer at nettavtalen presiserer at me ikkje skal levere systemtenester (aktiv effekt, reaktiv effekt, spenning m.m.) når våre generatorar ikkje produserer (er tilkopla nettet). Me trur ikkje Statnett heller har meint det, men me ynskjer å presisere at avtaleteksta må vere tydeleg på at dette berre skal leverast systemtenester når maskinparken er tilkopla nettet eller som spesialregulering frå systemansvarleg.

Når det gjeld pkt 9.2 i avtalen står det at kunden skal overvake at krava i avtalen vert haldne. I innleiinga til skrivet om ny nettavtale vart det skrive at det måtte meir samhandling til for å utnytte nettet. Me meiner difor at overvakinga av nettet bør vere ei oppgåve for Statnett/netteigar og at kunden er ansvarleg for å rette avvik som gjer at anlegg vert drifta/responderer feilaktig. Dette meiner me er ei meir rasjonell ansvarsdeling. Me ser også føre oss at nettavtalen Statnett lager no vil verte ein "back to back" avtale som regionale nettselskap også kjem til å nytte mot sine kundar. Det gjer at ordlyden i dette avsnittet bør avstemmast godt med den tiltenkte praksisen på dette området. Me har oppfatta Statnett som at dei har tenkt å gjennomføre analyser/ målingar og har behov for etter det å be kunden om å endre settingar på anlegget. Om det er dette ein ynskjer bør det også vere meir presist formulert på dette området. Det er også Statnett som har det overordna innblikket i systemet og ser heilskapen i korleis enkeltkomponentar samhandlar eller ikkje samhandlar.

Me reagerer også på punkt 9.3 og ordlyden som er nytta her; "...uten ugrunnet opphold." Slik me ser det er det eit spekter av moglege avvik og kor alvorlege desse er. Tid for oppretting bør vere ei sak ein kjem fram til i fellesskap slik at alle omsyn kan verte tekne. Det er også i samsvar med innleiinga til revidert nettavtale at det skal legges til rett for meir samhandling.

Til slutt ynskjer me også å kommentere behovet for eit eige avsnitt med særskilte vilkår. Vår anleggsmasse er bygt over lang tid. Dei fyrste anlegga vart sett i drift i 1963. På den tida var det heilt andre vilkår enn i dag som var gjeldande. Me ynskjer at ein kan inngå ein særskilt avtale om dei forholda som gjeld anleggsmassen og evna til å levere. Me ynskjer ikkje å inngå ein avtale som gjer at me må investere i nytt utstyr pga krav i nettavtalen. Noko anna er det når anlegg skal byttast eller byggast om.

Dokumentet er elektronisk godkjent i samsvar med interne rutiner.

Med helsing

Otra Kraft DA

Björgum, Torstein

For Grunde Johnsen
Dagleg leiar Otra Kraft DA